

## Årsmelding frå langrennsgruppa, 2020.

I 2020 har langrennsgruppa bestått av Selma Kvæven, Gunhild Kvinen og Anders Tjørhom. Me har hatt eit møte gjennom året for å planlegga dei ulike aktivitetane.

Som vanleg arrangerte me lysløypekarusell. Dette året vart det litt avkorta grunna corona, men me fekk gjennomført 7 torsdager mellom nyttår og nedstenging. Som vanleg var oppmøteprosenten for dei yngste klassetrinna på skulen stor. Dette året var det færre deltakarar frå ungdomsskulen, noko som er naturleg når ein ser på elevtalet. Også under barnehagealder var oppmøtet bra. Premieutdelinga for lysløypa vart utsett, slik at deltakarane har fått denne utdelt ved start i årets utgåve av karusellen. Skileik/skitrening vart også dette året arrangert i forkant av lysløypekarusellen. Det fungerer bra og oppmøtet er relativt stabilt. Tarjei Tjørhom, Gunnhild Kvinen, Selma Kvæven og Anders Tjørhom var trenarar på skileik og skitrening.

Dette året arrangerte me sjølve Sirdalsstafetten. Totalt stilte det 50 lag til stafett, og av desse var 9 reine klubb lag, medan Marius delte lag med ein utøvar frå Kverneland. Spesielt kjekt er det å sjå dei unge debutera som langrennsløparar i Sirdalsstafetten.

Av andre renn stilte me med deltakarar i Gjesdalburennet, Gjesdalsprinten (rulleski) og Nyttårsrennet. I tillegg stilte mellom anna Marius Nygård Fidjeland opp i Sirdal Skimaraton. I distansen på 23 kilometer kom han der inn som nummer 2 av samtlige startande, menn og damer, gamle og unge.

Dette året vart det ikkje gjennomført innetrening grunna pandemien og det har heller ikkje vore noko anna form for organisert trening gjennom langrennsgruppa i barmarksperioden.

Me i langrennsgruppa ser at det framleis er godt oppmøte på aktivitetane som vert arrangerte i klubben. Ein skulle nok likevel likt å sjå at det var litt fleire som var interesserte i å delta i kretsløp og liknande i langrenn.

For langrennsgruppa

Anders Tjørhom